



Årdal kommune

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 07.06.2021

Møtetid:

Kl. 12.00 - 15.00

Møtestad: Kommunestyresalen,
rådhuset

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Dag Audun Strand	
Karin Moen	
Patricia Seglem Lægreid	

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Heidi Mørkrid			
Øystein Jarle Wangen			
Line Hillestad	AP		AP

Møteleiar:	Steinar Drægri
Frå adm. møte:	Møtesekretær
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Merknader:

Fellesmøte med Årdal Eldreråd

Nils Solheim deltok på møtet og informerte om Ringbussen.

Underskrifter:

Dag Audun Strand

Oddgeir Øren

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
014/21	Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll
015/21	Framlegg til sak om Fotterapeut
016/21	Tilbod til eksisterande fotterapeutar
017/21	Toalettløysing, Eldresenteret og Senterkafeen
018/21	Planlegge synfaring i Øvre Årdal sentrum
019/21	Tilgjengeleg Årdal kyrkje med rullestol
020/21	Garderobetilhøve i Årdalshallen
021/21	Rullator og rullestolløp ÅBO 17. juni
022/21	Ymse

014/21: Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll

07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Det er eit ynskje at sakene som står på sakslista er meir utgreia i innkallinga og gjerne med eit forslag til vedtak. I tråd med praksis i formannskapet og kommunestyret.

Kområd- 014/21 Vedtak:

Dag Audun Strand og Oddgeir Øren signerar protokollen

015/21: Framlegg til sak om Fotterapeut

07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Stillinga blei fjerna i si tid i form av innsparingstiltak.

Råda kjem med eit framlegg for å starta opp att med tilbodet Fotterapeut i kommunen.

Lokalet som kommunal fotterapeut nytta tidlegare verkar til å vera fristilt no då senterkafeen skal setje toalettet sitt istand att.

Sende referatet frå fellesmøtet til Utvalet for Helse, omsorg og NAV, eventuelt laga eit framlegg.

Eit alternativ å lyse ut lokalet ved Eldresenteret i Øvre Årdal med intensjon om å starta opp eit tilbod til innbyggjarane våre.

Årdal treng sårt nokon som kan sjå til at folk held seg heime lengre , då dårleg pleia føtter er vanskeleg å leva med.

Kområd- 015/21 Vedtak:

Kommunalsjefen for Helse, omsorg og NAV tek saka med seg administrativt og til utvalet (Helse, omsorg og NAV). Ho skal halde råda orientert.

016/21: Tilbod til eksisterande fotterapeutar

07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Ordføraren har tidlegare uttalt at kanskje eksisterande fotterapeutar bør motta eit tilskot for å tilby sine tenester via kommunen.

Råda ynskje å vita om dette vert gjort?

Kområd- 016/21 Vedtak:

Saka er teke til viten.

017/21: Toalettløysing, Eldresenteret og Senterkafeen

07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Leiar for eldrerådet, Steinar Drægri, kan informera at senterkafeen skal setja toalettet i sine lokale i stand att etter ei defekt avfallskvern rauk.

Det står på budsjett at nemt rom skal gjerast om til toalett. Eldresenteret i Øvre Årdal ynskje framleis at denne planen vert realisert. Fotterapeut bør opprettast i nytt meir tilgjengeleg lokale for alle.

Kområd- 017/21 Vedtak:

Saka er teke til viten.

018/21: Planlegge synfaring i Øvre Årdal sentrum

07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Bjørn Indrebø har lagt alle innspel inn i sin oversikt og det som kan rettast på innanfor budsjettet vert retta.

Men råda ynskjer å ta ny synfaring i Øvre Årdal der ein ser nærare på tilkomst til og rundt inni bygningar.

Steinar, Odd, Patricia ynskjer å vera med på synfaring - Invitera med Heidi Skeie. Liv Hestetun kan og inviterast kanskje.

Kområd- 018/21 Vedtak:

Steinar avklarar dato og inviterar dei som trengs til synfaringa.

019/21: Tilgjengeleg Årdal kyrkje med rullestol**07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne****Møtebehandling:**

Tilkomsten er grei, men plasseringa ein endar på var ubehagleg.

Skulle ein hatt fellesmøte med Årdal tenk tryggleik (Svein Ove Åmås) og Nedre Årdal Sokn (Kurt Bolstad) ang dette.

Det kan oppleves ubehagleg å sitja til allemannskue når ein vert sitjande fremst i kyrkja f.eks under begravning.

Det er utrygt å bere kister ut hovudinngongen til kyrkja då trappa er ganske bratt. Synfaring i kyrkja saman med Heidi Skeie?

Kområd- 019/21 Vedtak:

Steinar Drægner (Leiar Årdal Eldreråd) kontaktar.

020/21: Garderobetilhøve i Årdalshallen**07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne****Møtebehandling:**

Heisen i Årdalshallen slår ut før vekta som heisen er merka med er nådd. Bygget skal tilpassast og oppgraderast. Tilkomsten skal bli betre.

Kområd- 020/21 Vedtak:

Rådet ynskjer oppdateringar i saka framover.

021/21: Rullator og rullestolløp ÅBO 17. juni

07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

17. juni kl. 10:00 skal det gjennomførast rullator og rullestolløp.

Steinar håpar medlemma i begge råda kan delta på arrangementet, dugnad.

Der vert underhaldning, mat, besøk av pressa, premieutdeling m.m

Kområd- 021/21 Vedtak:

Fleire å råda stillar til dugnad.

022/21: Ymse

07.06.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Nils Solheim deltok på møtet for å informera om prosjektet Ringbuss i Årdal. Ringbussen går 3 til 5 dagar i veka og utvida trase.

Oppstart 16. august. Råda setje spørsmålsteikn ved markedsføringa av tilbodet.

Kommunalsjef Helse, omsorg og NAV informerar at der er sett i stand ein handikaptalett i Torgkiosken, ferdigstillast 15. juni.

Oddgeir Øren og Odd Øren skal gå fyrste guidaturen i Øvre 8. juni. 50 turistvertar skal bidra som vertar og turguida på Turistkontoret. Guida tur kostar 200kr pr pers.

Kområd- 022/21 Vedtak:

Innspel er teke til viten.